

Hardanger og Voss museum, Museum Vest, Museumssenteret i Hordaland og Sunnhordland museum mottar offentleg tilskot frå fleire kommunar. Det er difor henta inn tal i frå musea for årstala 2007 og 2016, då evalueringsrapporten berre syner «ordinære tilskot frå kommunane» i sin heilskap. Dette er gjort får å synleggjere ordinære tilskot frå kvar enkelt kommune. Tala syner at det er stor variasjon i kva kvar enkelt kommune gjev av tilskot til musea. Det bør difor vurderast om det skal utarbeide ein museumspolitik for kommunane med fokus på medansvar og finansieringsmodell.

## Hardanger og Voss museum (HVM)

Hardanger og Voss museum sine fordelingar på kommunale tilskot 2007 og 2016.

Kommunar	Avdeling	Drifttilskot 2007	Drifttilskot 2016	Endring i % frå 2007-2016
Kvam Herad	Ingebrikt Vik museum, Kvam bygdemuseum, Hardanger fartøyvernsenter	480 000	1 317 000	174%
Ullensvang herad	Hardanger folkemuseum, Agatunet, Hardanger fartøyvernsenter	135 000	221 000	64%
Eidfjord kommune	-	9 480	9 000	-5%
Granvin herad	-	-	9 000	-
Voss kommune	Dagestadmuseet	-	224 000	-
Jondal kommune	-	-	11 000	-
Ulvik kommune	-	12 000	11 000	-8%
<b>Sum</b>		<b>636 480</b>	<b>1 802 000</b>	<b>183%</b>

Det vart i 2016 gjeve i snitt 10 kr. pr. innbyggjar frå kvar kommune.

Presisering av kommunale prosjektilskot:

- Kvam Herad har innvilga 310 000: Den kulturelle spaserstokken, bulystmidlar Hardanger Skyspace, jubileumsutstilling Kinck/Astrup/Egner
- Voss kommune: Den kulturelle skulesekken, fotoarkiv Herheim foto

## Museum Vest

Museum Vest sine fordelingar på kommunale tilskot.

Kommunar	Avdeling	Drifttilskot 2007	Drifttilskot 2016	Endring i % frå 2007- 2016
Askøy	Herdla	900 000	1 050 000	17%
Bergen	Fiskerimuseet, Hanseatisk museem, Gamlehaugen	1 862 030 (husleige)	6 175 580 (husleige)	232%
		4 721 229	8 240 000	75%
Fjell	Fjell festning	-	800 000	-
Masfjorden	Bjørn West	-	400 000	-
Sund	Nordsjøfartsmuseet	-	50 000	-
Øygarden	Kystmuseet	1 750 000	2 268 000	30%
<b>SUM</b>		<b>9 233 259</b>	<b>18 983 580</b>	<b>106%</b>

Museum vest og Berge Sjøfartsmuseum har underteikna avtale om samanslåing. Dette er i samsvar med statlege, kulturpolitiske signal om «ytterlegare konsolideringar» og Regional kulturplan. Det er difor ei auke på 1. mill. kr. til Museum Vest i fylkeskommunen sitt budsjett for 2018, for å styrke arbeidet med forskning, forvaltning og formidling. Bergen kommune har óg lagt inn auke på 1. mill. i sitt budsjett for 2018. Det ligg i det fylkeskommunale og kommunale budsjettet ei føresetnad om økonomisk auke frå staten på 6. mill.

## Museumssenteret i Hordaland

Museumssenteret sine fordelingar på kommunale tilskot 2007 og 2016.

Kommunar	Avdeling	Drifttilskot 2007	Drifttilskot 2016	Endring i % frå 2007- 2016
Bergen kommune	Museumssenteret i Hordaland	831 000	1 667 600	101%
Osterøy kommune	Osterøy museum og Havråtunet	107 309	110 672	3%
Lindås kommune	Lyngheisenteret, Kulturverntenesta i Nordhordland	105 000	115 700	10%
Austrheim kommune	Kulturverntenesta i Nordhordland	-	25 985	-
Fedje kommune	Kulturverntenesta i Nordhordland	-	20 609	-
Masfjorden kommune	Kulturverntenesta i Nordhordland	-	34 913	-
Modalen kommune	Kulturverntenesta i Nordhordland	-	16 748	-
Radøy kommune	Vestnorsk utvandrersenter og Kulturverntenesta i Nordhordland	-	440 136	-
Meland kommune	Kulturverntenesta i Nordhordland	-	47 718	-
<b>SUM</b>		<b>1 043 309*</b>	<b>2 432 363*</b>	133%

\*Samsvarar ikkje heilt med statistikk vist i «Rapporten «Evaluering av museumsreformen, 2017:29.

Regionrådet Nordhordland gav 200 000 i tilskot til stillinga *Kulturverntenesta i Nordhordland* i 2007.

## Sunnhordland museum

Sunnhordland museum sine fordelingar på kommunale tilskot 2007 og 2016.

Kommunar	Avdeling	Driftstilskot 2007	Driftstilskot 2016	Endring i % frå 2007-2016
Austevoll	-	-	-	-
Bømlo	-	5000	18 500	270%
Etne	Sæbøtunet	-	38 184	-
Fitjar	Årskog museum	-	8000	-
Kvinnherad	Nistovetunet Hauahuset Gjerdetunet	75 000	50 000	-33%
Stord	Sunnhordland museum Gruvemuseet på Litlabø	420 000	520 000	24%
Sveio	-	-	15 000	-
Tysnes	Seløystova	-	5000	-
Vindafjord (Rogaland)	Nerheimstunet	15 000	15 000	0%
Andre off. tilskot kommunane*	-	56 000	-	-
<b>SUM</b>		<b>571 000</b>	<b>669 684**</b>	<b>17%</b>

\*Er ikkje spesifisert frå museet. \*\* Samsvarar ikkje heilt med statistikk vist i «Rapporten «Evaluering av museumsreformen, 2017:29.

I tillegg til generelle tilskot vart det gitt kommunale midlar til museumsrådgjevarstilling i 2016 frå Bømlo kommune (37 500,-), Fitjar kommune (14 000,-), Kvinnherad kommune (25 000,-), Stord kommune (90 000,-). Fylkeskommunen sitt budsjett for 2018 syner at Sunnhordland museum sin økonomi ikkje står i forhold til dei tenester eit profesjonelt museum skal levere. Det er difor lagt inn auke på kr 600 000 i tilskot frå fylke til drift i årets budsjett. Fylkesrådmannen legg til grunn at budsjettet til museet vert styrka over fleire år og at ein føreset at stat og kommunar bidreg på tilsvarande vis til å setje organisasjonen økonomisk og administrativt i betre stand, jf. fylkeskommunen sitt Budsjett 2018.